



## Avtale mellom Universitetet i Oslo og arbeidstakar om tilgjengeleggjing av vitenskaplege artiklar - Open Access

---

Arbeidstakar pliktar å avlevere, så snart som mogleg, eit elektronisk eksemplar av vitenskaplege artiklar som er produserte under tilsetjingsforholdet for arkivering og lagring i UiO sitt elektroniske vitenarkiv (institusjonell arkivering). Arbeidstakar skal avlevere siste manuskriptutgåve etter fagfellevurdering ("post-print" versjon). Når forlaget tillèt institusjonell arkivering av pdf frå forlaget, er den å føretrekkje. Arbeidstakaren sin einerett til å velje kanal for publisering av vitenskapleg arbeid går likevel framom denne forpliktinga. Dersom publisering skjer i eit tidsskrift som ikkje tillèt institusjonell arkivering, og arbeidstakaren ikkje får slikt løyve frå utgjevar etter førespurnad, blir arbeidstakar fritaken frå kravet om arkivering. Dersom ein eller fleire medforfattarar rettmessig nektar å samtykkje, gjeld det same.

Arbeidstakar pliktar vidare å *gjere sitt beste* overfor forlaget/tidsskriftet for at avleverte vitenskaplege artiklar kan gjerast tilgjengelege så snart som råd, via det elektroniske vitenarkivet på UiO sin nettstad (etterfølgjande tilgjengeleggjing)<sup>1</sup>.

Dersom UiO, direkte eller ved ei eining, har inngått avtalar med tredjepart om forskningssamarbeid eller forskingsfinansiering, medrekna om oppdrags- eller bidragsforskning, skal arbeidstakaren overhalde dei reglane som der er avtalt om rettar til opphavsrettsverna arbeidsresultat, og bidra til at UiO kan oppfylle forpliktingane sine overfor tredjepart. UiO har, direkte eller ved ei eining, ansvar for å informere arbeidstakaren om relevante reglar.

---

<sup>1</sup> Sjå punkt 2.3.6 i UiOs IPR-politikk